



[Slik presenterar SPAR-jentene seg på Facebook](#)

**SPAR i Uskedalen har opp gjennom åra fått fleire prisar men den butikken kapra i går kveld var den gjevaste**

**Det slår dagleg leiar Bente Nilsen fast etter festen i Oslo Spektrum der suksess-butikken vart kåra som årets SPAR-butikk av 280 butikkar i landet. Sigeren er basert på målingar kvar einaste dag gjennom heile året.**

**Kåringa i går var eit innslag i 20-årsjubileet for etableringa i Noreg. SPAR som eigentleg er nederlandsk er verdas største supermarknadkjede med over 12000 butikkar i 36 land.**

- Vi må retta ein varm takk til kundane våre, som er fantastisk gode og trufaste. Dei gjev oss inspirasjon og motivasjon kvar einaste dag, seier Bente som inviterer til stor kundefest neste laurdag frå klokka 13 til 17.

- Men festen var beramma før dykk visste om sigeren i Oslo?  
- Jau, det var den faktisk, dette er eit lukkeleg treff. Vi kjende heller ikkje til at vi ville vinne då vi reiste til Oslo - berre at vi var nominert.

Tevlinga vert organisert slik at landet er delt i 6 regionar og i og med at vi vart best i region vest gjekk vi til finalen. Men no vert det altså ein ekstra sus over festen om ei veke, som har vore planlagt lenge.

Det vert sjølv sagt servering, men også underhaldning og ymse konkurransar, fortel ein glad dagleg leiar etter å ha festa i Oslo Spektrum til langt på natt.

Av Ola Matti Mathisen